

# Istandsetjing av sjøveg til Trossevika

## Søknad om tilskot til restaurering av gamal sjøveg

Søkjjar: Sellevoll kultur og landskapspleie v/ Claus Sellevoll

Org nr: 920755070.

Adresse: Skarsvegen 484 GNR/BNR: 147/3 ,  
5911 Alversund Epost: [Claus.sellevoll@gmail.com](mailto:Claus.sellevoll@gmail.com)

Telefon: 917 31 491

Den gamle sjøvegen til Norda stykket, Trossevika ( Torsvika i kartverket) og Lammneset grensar i vest til Radsundet. Sjøvegen som var innteikna på utskiftningskartet alt i 1880, var fullt so viktig som nokon anna veg , dette var faktisk byvegen. Storparten av bruka på Sellevoll har i dag nausta sine i Trossevika. Legg merke til at i kartverket står det Torsvika, medan bygda seier Trossevika. Begge namna er rett, då det som har skjedd truleg er ein metatase, altså ei ombyting av to språklydar i eit ord. Dette er ikkje uvanleg. Fleire plassar på Vestlandet seier ein til dømes «frikst» for friskt. På same måte har dialekten på Sellevoll bytta plass for «r» og «o» . Seinare har det komen til ein «e». Det er truleg at dette namnet går tilbake til gamalnorsk, der "tross" tydde turr og råten kvist. Sjøvegen gjekk frå tunet i sør og nordover balane der den framleis går. Det gamalnorske "bali" tydde ein jamn bakke langs med stranda. Det kan so vera, men sjølve veggen var ikkje so jamn. Men han gjekk etter turrast haugane , og dei kunne koma fram turrskodde til alle årsens tider. Her bar dei heim det dei hadde med seg frå byturen.



**Pliktarbeid i veglause strok:** Det var korkje stat eller kommune som betalte vegane før i tida, ein måtte sjølv yta sitt. Bonde Karl Sellevoll (1875 – 1962) på bruk nr. 3 var mellom dei som hadde pliktarbeid på vegane på Sellevoll. Her er han avbildt i Osphaugen med sjøvegen til Trossevika i bakgrunnen

I 1840 åra er det ei presis opplysning om at dei slakta i Trossevika, og so tok dei kjøtet på båt derifrå til byen (Bergen). Høyet på utslåttane i Lammeneset kunne køyrast heim på slede, eller dei hadde noko inn i nauset om det var plass, og so bar dei det heim på tog om vinteren. Veggen det er snakk skulle også nyttast som køyreveg for det som etter planen skulle verta det fyrste garveriet i Alversund herad , nemleg i Trosvikdalen mellom Trossevika (Torsvika) og Lammeneset. Ein del av vegen skal i nordre del ha blitt utbetra i det brattlente terrenget frå Trosvikdalen og oppover til Norda stykket på same tid som grunnmurane til garveribygningen vart reist. Eit tidsvitne på garden fortel etter far sin, at garveripioneren på Sellevoll etterkvart ga opp prosjektet, og at det i staden vart etablert garveriverksemd i Alverstraumen. Omtrent på same tida fann dei spor etter jernmalm med stort innslag av titan på begge sidene av Alversundet. I 1873 gav Mons og Rasmus Sellevoll ( sistnemde er tippoldefar til underteikna ) engelskmannen William J. R. Cotton einerett til å utvinna og eksportera all den malmen som fanst på Lammaneset. Men i motsetnad til andre stader i Alversund, så kom her ikkje i gang noka gruvedrift.

*(kjelde : Hermann Kahrs Sellevoll, Tilfang til bygdebok for Alversund.)*



**Trosvikdalen:** Frå Trossevika tok hestane seg opp det stupbratte klyvet i Trosvikdalen, som blei bygd som ein troppeveg med større steinheller for at hestane skulle få tilstrekkeleg fotfeste.



I 1936 og 1937 fekk dei nødsarbeid på Sellevoll for å utbetre den gamle sjøvegen. Vegen som ved utskiftninga i 1880 hadde gått over Balane eigna seg dårleg som køyreveg etterkvart som utviklinga gjekk framover, og fleire av bruka hadde behov for betre tilkomst til inn -og utmarksteigane sine. Det vart difor ei utskiftning på vegen som førte til at den "nye" vegen vart lagt aust for Balhaugen og ned langs hovedgrøfta ovanfor dalføret. Den «nye» sjøvegen vart ei god løysing for bøndene på Sellevoll. Vegen, som var i god forfatning, har med åra kollapsa fleire stader. Til dels på grunn av tidas tann, men også på grunn av høg vassføring og flaum som følge av tette grøfter. (kjelde: Ove Walle )



*SELLEVOLL: I minst eit par hundre år har vegen til Trossevikje vore viktig og nyttig. Flyfotoet (bildet) over Sellevoll er frå tidleg på 1960-talet med Litleskare i bakgrunnen. Naustrekka nede til venstre er Trossevika, og bak ser ein Lammevågen.*

Eit anna kulturhistorisk poeng er, at dette er med dei eldste gardsvegane på Sellevoll der mellom anna bøndene kørde ned til Trossevika med hest og kjerre for å henta byskiten. I frå Trossevika og vidare opp Trosvikdalen via Norda stykket, kørde bøndene heim kaggeskiten frå bergensarane og spreidde den utover bøane som naturgjødsel. Hestane, som brukte skinnfeller utanpå hovane for å ikkje skjæra seg på glas og keramikkskår, hadde ein tung veg frå sjøen og opp.

Frå Trossevika (Torsvika) tok dei seg opp den stupbratte Trosvikdalen, som blei bygd som ein troppeveg med større steinheller for at hestane skulle få tilstrekkeleg fotfeste.



**BYSKITEN:** Bildet er frå ei lossing på Tveiten i Alversund.

- Kunstgjødninga utkonkurrerte byskiten i 1926. Då fekk skiten skulda for ein potetpest som herja, fortel Espen Kutschera på Bymuseet.





**LEVANDE KULTURMINNE:** Claus Sellevoll med sonen Ragnvald på høgehesten går på søndre del av den attgrodde sjøvegen, som vart flytta nedom Balhaugen i 1937. -Me vil reparera og oppgradera vegen, av respekt for fortida, men også for å leggja til rette for lettare stell av produktiv jord. Nett no ligg det til rette for å vøla og setja i stand gardsvegen, slik at han blir nyttig og relevant også for framtidias brukarar, fortel Claus Sellevoll.

### **Dagens bruk:**

Gangsti til inn -og utmarksbeite, naust, hytter og badeplass.

**Framtidig bruk:** I minst eit par hundre år har vegen til Trossevikje vore viktig og nyttig. Me vil reparera og oppgradera vegen, av respekt for fortida, men også for å leggja til rette for lettare stell av produktiv jord. Nett no ligg det til rette for å vøla og setja i stand gardsvegen, slik at han blir nyttig og relevant også for framtidias brukarar. Eit levande kulturminne, er det me ønskjer å laga.

**Tilstand:** Den gamle sjøvegen som ga tilkomst til gamle slåtteteigar og beiteeng har rast ut fleire stader. Fram til slutten av 1980 talet vart gras og turrhøy køyrt heim med hest og kjerre på denne vegen, men etter den tid har vegen kollapsa fleire stader både i murar og grøftesystem. I dag er vegen berre framkomeleg til fots.





## Tiltak:

Oppgåva blir å grave vekk massen bakom, ta ned det øydelagte partiet av veggen og etablere eit brukande fundament for reisa ny mur. Ein stor del av restaureringstiltaket vil vera å skifta ut defekte parti av grunnmuren i veggen. Ein god regel for alle murtypar er at høgda bør avgrensast mest mogleg, og heller kombinera mur med skråning. Nokre deler av dei murte vegskuldrene fungerer også som vangar til kisteveita nedanfor. Desse lyt kontrollerast og eventuelt setjast i stand, slik at elva ikkje grev ut veggen meir enn den alt har gjort. Steinen som blei brukt då veggen blei bygd, er rydningstein og stein som er broten og sprengd ut av berget på innsida av veggen. Steinen som skal nyttast bør difor i all hovudsak hentast frå omkringliggjande terreng eller frå eit område med liknande steinmateriale. På den måten vil det som er av vegmur gli naturleg inn i terrenget.



«**NYEVGEN**»: I 1936 og 1937 fekk dei nødsarbeid på Sellevoll for å utbetre den gamle sjøvegen. Veggen vart lagt nedom Balhaugen i butt med deler av hovedgrøfta ovanfor dalføret.





**TA VARE PÅ VEGEN:** Ved å strekkja seg etter å utbetra vegen framfor å byggja ny, vernar ein om eit fleire hundre år gammalt kulturminne, og ein hindrar unødig arealbruk og tap av produktiv matjord.

Det skal og gravast av kvist og kvast frå grøfta, rydde greiner i tillegg til å grava av jorda i vegen. Vidare skal grøfta leggest att der den er kollapsa. Vegen skal steinsetjast og justerast slik at vatnet renn ut or -og ikkje inn i vegen.

I nordre del ( Trossvikdalen ) tenkjer ein å forlenge kisteveita med ca 8 meter slik at ein kjem seg tørrskodd over elva. Dette arbeidet lyt ein gjera manuelt, medan vegen i søndre del vil krevja gravemaskin. Vegen varierer med ein breidde på ca 2 m til 2,50 meter. På grunn av nødvendig framkomst til teigane, og for å få fram maskiner til sjølve vegarbeidet, er det naturleg å utvida vegen til ca 3,0 meter der det let seg gjere.



## Beskrivelse av planlagte tiltak

1. Vøling av grøft under veg i søndre del
2. Graving og tilfang av stein
3. Graving og vøling av grøft under steingard til Norda stykket
4. Piggig / sprenging av bergnabbar i søndre del av vegen.
5. Demontering av støttemur. Attreising av murfot og vegskulder.
6. Muring av kisteveit i Trossvikdalen.
7. Pukking og grusing av veg. Totalt 120 meter.
8. Såing av blomster og engfrø i attlegg. Omlag 2 dekar.



**VEGMUR:** Som fylgje av auka press på vegmuren er han i godt sig utover fleire stader. Ytre press som forsterkar indre veikskapar, vil føra til snarleg samanbrot om ikkje tiltak vert sette inn.

## Beskrivelse av framdriftsplan

Startdato: 1.sept 2021

Sluttdato: 31 des 2021

Arbeidet med sjøvegen startar med graving og avdekking av fjellformasjon, murar og jordstruktur.

Så fylgjer istandsetjing av vegfot og vøling av øydelagte vingar i grøfter. Av omsyn til dreneringa, vil ein søkja å leggja vegtraseen lenger inn på fjell og berg der det er mogeleg . Kisteveita i dalsøkket og i Trossvikdalen lyt vølast der den har kollapsa. Oversynet som er gjort av Svein Litleskare Maskin AS og Claus Sellevoll, skal vera til hjelp i planlegginga av tiltaket. ( sjå budsjettvedlegg på side 14 )





**NORDA STYKKET:** Slåtteteigen i Norda stykket hadde eit høgt artsmangfald av blomstrande plantar jamnt fordelt i enga. Bilde er frå høyslåttan ein gong på 1980-talet, då hesten framleis var den viktigaste kraftkjelda på somme bruk.



**HØY PÅ EI HES:** Det var gardsarbeidet som var hovedinntekta til Alma og Ragnvald Sellevoll ( til høgre ) med 8 mjølkekyr og grønnsaksdyrking fram til rundt 1960. Her frå innhaustinga på Norda stykket med Nappane i bakgrunn.



## Framtid og bruk:

Attgroinga er ei stor utfordring både for beitenæring og annan allmenn bruk av utmarka. Tiltaket skal legge til rette for betre tilgang til området, som er arbeidskrevjande å driva. Det vil bidra til å få hevd att på slåtte -og beitemark. Noko av arealet vil gå med til å etablere blomstereng og blomsterstriper for å bidra til å halde oppe, og auka mangfaldet av pollinerande insekt.



*STØLEN: Like fram til slutten av 1970 åra var der kyr på sommararbeite på Norda stykket (bildet), Trossvikdalen og Lammaneset. Det var som regel kvinnene som tok seg av mjølkinga.*

Det er eit viktig mål å ta i vare det verdifulle kulturlandskapet i Norda stykket og Lammaneset med eit særleg stort mangfald av blomar, gras, insekt og smådyr. Kanskje kan det setjast opp ein kvilebenk i Trossvikdalen, der bøndene kørde opp med hestane. Informasjon om Lammaneset, Norda stykket og Trossvikdalen, skal også gjerast tilgjengeleg. Slik vil sjøvegen ha verdi, ikkje berre som turmål, men også som ei kulturhistorisk kjelde til kunnskap og oppleving. For at framtida skal kunna ferdast i fortida sine fotefar!





**TIDSVITNE** Ove Walle er erkebergensar, men hjarta hans har alltid vore på strilelandet. I over 70 somrar har han feriert med familien på Sellevoll. På bildet ser me han som gutunge saman med systera og mora med Trossvikdalen i bakgrunnen. Foto: Privat



**FRÅ ARKIVET TIL OVE:** Eit av bileta i Ove sitt rikhaldige arkiv over fylkesbåtane. Alverstraumen austre løp i 1905, Fylkesbaatane sin DS Alden på veg sørover. Skarsveten bak i horisonten, Flatholmen akter med Tveitøya til venstre. Bak neset til høgre ligg Kvamsvåg. Foto: Lauritz Johan Bekker, kolorering Robert G. Storøy.





**INTERESSA FOR FJORDABÅTANE:** Dei fleste skipparane kjenner Ove, og gir han nokre tut i fløyta i det dei passerer Trossevika. Foto: Gro Anette Fanebust, Alver kommune





SVEIN LITLESKARE  
MASKINSTASJON AS



Sellevoll 29/8-21

## Pristilbud

Takker for forespørsel om arbeid med oppgradering/fikse gammel sjøveg

Etter befaring på jobben i lag med Claus Sellevoll og Magne Taule som er grunneigere der vegen skal oppgraderes/fikses kan vi tilby å gjera jobben for ca. Kr.135000 ekskl.mva

Dette tilbudet er basert på det som blei snakka om på befaringen.

- Fikse/breidde vegen i frå vegskille og ned til grinda mellom eigarane ca.120m. Breidde på vegen vil verta ca,2,8-3m.
- Fikse grøfta på utsida av vegen der den må ordnast.
- Vegen blir grusa og jordskråninger blir planert.

Håper tilbudet er av interesse og håper å høre fra deg.

Mvh, Dan Litleskare v/ Svein Litleskare Maskinstasjon A/S

---

Svein Litleskare Maskinstasjon 5911 Alversund	Telefon: 56350629	Mobil: 91576631	Faks: 56350629	E-post: <a href="mailto:sveinlit@online.no">sveinlit@online.no</a>	Org.nr: 982604658
---	----------------------	--------------------	-------------------	---	----------------------

# BUDSJETT OG FINANSIERING FOR RESTAURERING AV SJØVEGEN

Varer og tenester	Pris	Tal	Kost eks mva	Kost ink mva	Merknad
<b>Graving og grøfting</b>					
Gravemaskin 15 tonner	900	75	67500	84375	Svein Litleskare Maskin AS
Transport Maskin	1500	1	1500	1875	Svein Litleskare Maskin AS
Tilfang murstein	13500	2	27000	33750	Svein Litleskare Maskin AS
Tilfang pukk og grus	3000	13	39000	48750	Svein Litleskare Maskin AS
<b>Sum graving og grøfting</b>			<b>135000</b>	<b>168750</b>	
<b>Eige arbeid, rydding, graving, muring m.m.</b>					
Manuelt utført arbeid inkl. motorsag	350	7,5	2625		
Bruk av traktor	600	30	18000		
Lokheller til kistegrøft		5	1000		
Pukk til kistegrøft		1	3000		
Graving for hand m.m.	200	22,5	4500		
<b>Sum eige arbeid</b>			<b>29125</b>		
<b>Dokumentasjon og rapportering</b>					
Fagleg dokumentasjon og rapportering	200	40	8000		
<b>Sum dokumentasjon og rapportering</b>			<b>8000</b>		
<b>Andre kostnader</b>					
Frøblanding, beitefrø			1600		
Grindverk mellom tre teiger			5000		
<b>Sum andre kostnader</b>			<b>6600</b>		
<b>Totale kostnader</b>			<b>212 475</b>		

FINANSIERINGSPLAN	SUM	% del
Eigenkapital	83350	39,2
Dugnad (400 t*200 kr )	29125	13,7
Søknad Alver kommune	50000	23,5
Søknad Kulturminnefondet	50000	23,5
Andre offentlege tilskot		
<b>SUM</b>	<b>212475</b>	<b>100,0</b>





Bakgrunnskart


© Kartdata: Geovekst

Personvernerklæring www.nibio.no

UTM 33 Koordinater: [-34746m, 6759067m] > 60° 36' 29" N 5° 12' 30" Ø

**KART OVER RESTAURERINGSOPPBJEKTET:**

Den delen av sjøvegen som lyt oppgraderast strekkjer seg i frå Balane i sør til Trosvikdalen i nord. Vegen går over bruk nr 147/2 og 147/3 ,som er avhengig av køyreveg for å halda i hevd inn -og utmarksteigane sine.



Claus Gå til Kilden

Sjøveg Balane Trosvikdalen

Målestokk = 1:6309, UTM 32, Ø: 293241, N: 6724605



1881

# KART SELTVEVOLD

Utskrevet af  
Hannover, Altingstryk, Landmandsk. Byggesk.  
Sindes, Kjøbenhavn, 1880.  
J. J. Schibye, 2. og 3. Grøndale.



Or.  
a.  
b.  
c.  
d.  
e.  
f.  
g.  
h.

PERCEPETS KARTARKIV  
APRIL 9 1156



# FULLMAKT

Underteikna fullmaktsgjevar, *Magne Taule, gnr 147 bnr 2*, er  
samd i prosjektrammene slik dei er lagt fram i denne  
søknaden, og gir hermed *Claus Sellevoll, gnr 147 bnr 3*,  
fullmakt til å søkja om tilskot for istandsetjing av den gamle  
sjøvegen frå Balane til Trossevika.

Alversund den 29.08. 2021

Magne Taule

Magne Taule,

Grunneigar, 147/2

På 1970- talet gjorde Herman Kahrs Sellevoll eit stort arbeid, då han henta ut opplysningar frå Statsarkivet. Materialet er blitt eit godt underlag for ei større bygdebok for Alversund.

### *Hermann Kahrs Sellevoll*



I eit brev frå 24. januar 1973 til Arvid Aarseth skriv Hermann Sellevoll:

*Det er rett nok det at eg har vore nokre gonger på arkivet, normalt ein fem kveldar for veka i dei siste 13-14 år.*

*Nokre gonger...:* Med dette framifrå dømet på *understatement* avslører Hermann Sellevoll både sin bakgrunn som engelskfilolog og den beskjedne haldninga han hadde til det enorme samlararbeidet sitt.

Lenger ute i det same brevet skriv han vidare:

*Eg har ikkje ein dag tenkt å trykkja noko...Men sjølvstapt kan De få sjå og bruka so mykje De vil av det eg har.*

Fordi dei begge kort tid seinare vart sjuke, vart det dessverre ikkje noko samarbeid mellom Hermann Sellevoll og Arvid Aarseth om ei bygdebok for Alversund. Det store materialet som han hadde samla vart difor liggjande i nesten 30 år før nokon tok tak i det. (Sjå *Metode* nedanfor).

**Hermann Andreas Kahrs Sellevoll** var fødd 17. oktober 1913 i Alversund. Foreldra var bonde Lars Sellevoll (01.07.1871 – 21.04.1941) og Bergitta f. Kahrs (15.01.1880 – 16.01.1945) frå Fedje.



## TIDLEGARE RESTAURERINGSPROSJEKT :

- Kisteveitene på Sellevoll i 2019
- Torvvegen til Veneset i 2020 / 2021
- Istandsetjing av kistevegen til Klomra i 2021



**RESTAURERING AV KISTEVEITER:** For vel to år sidan blei dei gamle kisteveitene på Sellevoll sett i stand. Mykje av arbeidet blei gjort med handamakt. I grøfta f.v. Daniel Vabø, Haakon Aase og Claus Sellevoll. Foto: FRED IVAR UTSI KLEMETSEN, BT.

Alversund 29.08 2021

Claus Sellevoll